



Kommunedelplan idrett og fysisk aktivitet

Stranda kommune

2021 – 2024

Rullering av handlingsplaner - kommunestyret 15.12.2021



Illustrasjon: Krible Design

Innhold

1 Innleiing	4
1.1 Bakgrunn.....	4
1.2 Statleg idrettspolitik – spelemidlar til idrettsføremål.....	4
1.3 Føremål kommunedelplan	5
2 Planprosess og medverknad	6
2.1 Planprosess	6
2.2 Medverknad.....	6
2.3 Samanhengen med andre planar i kommunen	6
2.4 Lov- og regelverk for fysisk aktivitet	6
2.5 Måloppnåing førre planperiode.....	6
2.6 Oversikt over spelemiddelstøtte i perioden 2015-2020.....	7
3 Målsettingar, behov og tiltak	8
3.1 Hovudmål og målgruppe	8
3.2 Vurdering av aktivitetar og status.....	8
3.3 Delmål.....	10
4 Handlingsplan for anlegg og drift	13
4.1 Prioriteringsliste ordinære anlegg.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
4.2 Prioriteringsliste nærmiljøanlegg.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
5 Langsiktige behov	16

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Kommunen har ansvar for å leggje forholda til rette for innbyggjarane på alle område. Det er forankra i lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningslova) av 27. juni 2008 at kommunen skal utarbeide ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. I tillegg kan kommunen utarbeide kommunedelplanar for bestemte område, tema eller verksemdsområde.

I bestemmelsane utarbeidd av Kulturdepartementet vert det krevd at kommunane har ein vedteken kommunal plan som omfattar idrett og fysisk aktivitet, og ordinære anlegg som søker om spelemiddeltilskot må vere omtalt i planen. Kommunen har ansvar for at anlegget blir registrert i Anleggsregisteret. Det er vidare eit ønskje at kommunedelplanen ikkje berre er retta mot anleggsplanar, men legg vekt på fysisk aktivitet generelt, også eigenorganisert.

Kommunen har ansvar for å vere med på å leggje forholda til rette for at flest mogleg kan utøve idrett og fysisk aktivitet etter behov i rimeleg nærleik til sitt bumiljø. I planen er det lagt vekt på omsyn til dei ulike brukarkategoriene og at nærmiljøaktivitet er ein viktig del av forståinga vi har for idrett, friluftsliv og aktivitet. Med fysisk aktivitet meiner vi all form for fysisk aktivitet, inkludert alt frå turgåing, svømming, barneleikar eller ro seg ein tur, til ulike organiserte aktivitetar. Planen skal vere eit bidrag til kommunen sitt folkehelsearbeid.

1.2 Statleg idrettspolitik – spelemidlar til idrettsføremål

Tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Kommunen vil støtte søkerar med rådgjeving og praktisk hjelp med spelemiddelsøknadar. Ved søknad om spelemidlar, skil ein mellom ordinære anlegg og nærmiljøanlegg. **Ordinære anlegg** gjeld både nye anlegg og rehabilitering av eksisterande anlegg. Med ordinære anlegg forstår vi anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet med stort brukspotensiale. **Nærmiljøanlegg** er anlegg eller område for eigenorganisert fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegget må vere eit utandørsanlegg som i hovudsak skal ligge i tilknytning til bu- og/eller opphaldsområde.

Bestemmelsane om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet er heimla i lov om pengespill mv. (pengespilloven) av 28. august 1992, og forskrift om fordeling av overskuddet fra Norsk Tipping AS til idrettsformål av 11. desember 1992. Spelemidlar til bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet med stort brukspotensial, samt nærmiljøanlegg, er sentrale verkemiddel for å innfri dei statlege måla på anleggsfeltet. Søklarar av spelemidlar må sette seg inn i [bestemmelsane om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet](#) som Kulturdepartementet utarbeider kvart år.

Spelemidlar til bygging og rehabilitering av idrettsanlegg skal bidra til infrastruktur som gir befolkninga høve til å drive aktivitet, både i regi av den frivillige, medlemsbaserte idretten og gjennom moglegheita for eigenorganisert aktivitet. Anlegg i lokalmiljøet som stimulerer og tilfredsstiller barn sine behov for fysisk aktivitet i organiserte eller eigenorganiserte former, vert særskilt prioritert.

Følgande fristerar gjeld gjennom søknadsåret:

- Den enkelte kommune fastset fristar og prosedyrar for innsending og kontroll av søknader for anlegg i sitt område, og formidlar dette til aktuelle søkerar.
- **15. november:** Frist for innsending til departementet:
 - Søknad om godkjenning av status som interkommunalt anlegg.

- Søknad om vurdering av maksimalt søknadsbeløp for enkelte anleggstypar, jf. pkt. 2.6.
 - Søknad om dispensasjon frå vilkår eller kriterium der høve til dispensasjon er spesifisert.
- **1. desember:** Søkjar skal registrere spelemiddelsøknaden slik at kommunen kan ta ein gjennomgang og kvalitetssjekk før den vert sendt vidare til fylkeskommunen. Søknadar som kjem inn for seint kan bli avvist.
 - **15. januar:** Kommunen skal oversende alle innkomne søknadar, samt ei utgreiing av kommunen sine prioriteringar til fylkeskommunen. Søknadar som kjem inn for seint blir avvist.
 - **15. april:** Fylkeskommunen skal oversende oversikt over innkomne søknadar og totale søknadsbeløp til departementet.
 - **Primo mai:** Departementet kunngjer og utbetaler til fylkeskommunane dei fastsette rammebeløpa for fordeling på søknadar.
 - **15. juli:** Fylkeskommunen sitt vedtak i dei enkelte saker blir sendt til søkerane. Ei oversikt over vedteken fordeling av midlar blir sendt til departementet.

1.3 Føremål kommunedelplan

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er ein overordna styringsreiskap for alle involverte aktørar og skal:

- Fremje fysisk aktivitet i kommunen
- Bidra til å realisere nye kommunale anlegg
- Vere ei hjelp til å prioritere anlegg bygd i regi av lag og organisasjonar

Planen skal dessutan støtte krav frå Kulturdepartementet om at tiltak må vere omtalt og prioritert i ein kommunedelplan for å kunne søkje tilskot frå spelemiddelordninga.

Føremålet med planen er:

- Få oversikt over kva type aktivitet ein ønskjer i Stranda kommune dei neste fire åra
- Få oversikt over planlagde anlegg innan idrett og fysisk aktivitet i Stranda kommune
- Utarbeide handlingsprogram og langtidsplan for Stranda kommune innan anlegg og område for idrett og fysisk aktivitet
- Støtte krav frå Kulturdepartementet og sikre at tiltak vert prioritert og dermed kan søkje om tilskot frå spelemiddelordninga
- Vere ei rettesnor for Idrettsrådet og politiske utval når det gjeld prioritering av spelemiddelsøknader
- Bidra til tilrettelegging av ulike former for fysisk aktivitet i Stranda kommune
- Bidra til auka satsing på nærmiljøanlegg
- Bidra til å skape synlege resultat

2 Planprosess og medverknad

2.1 Planprosess

Kommunedelplanen skal reviderast kvart fjerde år med fullstendig saksbehandling etter plan- og bygningslova §11. Kultureininga har på vegner av rådmannen stått for organiseringa av arbeidet og utarbeidinga av planforslaget. Folkehelsekoordinatoren har bidratt med innspel. Prosessen vart annonsert starta opp 15. mai 2019. Deretter vart det heldt eit planmøte 4. juni 2019, leia av Møre og Romsdal idrettskrets. Frist for å kome med innspel til planen vart sett til 4. juli 2019.

2.2 Medverknad

Det har vore rimeleg grad av medverknad til planen. Idrettsrådet har fått høve til å uttale seg om handlingsprogrammet og prioritering. Planen er lagt ut på høyring, og aktørar som fylkeskommunen, innbyggjarane i Stranda kommune med organisasjonar, idrettsråd, politiske utval m.fl. har hatt høve til å kome med innspel til planen. Planen skulle vore revidert i 2019, men vart av administrative årsakar verken revidert eller rullert det året.

Handlingsprogrammet bør rullerast kvart år. Rullering vil seie mindre endringar, dvs. nye prosjekt kan takast inn i handlingsprogrammet og/eller gamle kan takast ut (t.d. når prosjekt frå langtidsprogrammet blir tatt med i handlingsprogrammet). Vesentlege endringar skal handsamast gjennom ei revidering av kommunedelplanen. Så lenge revidering av handlingsprogrammet berre fører til rokering av allereie oppsette anlegg, kan den politiske behandlinga delegerast til helse-, oppvekst- og kulturutvalet. Idrettsrådet bør likevel få handlingsprogrammet til uttale. Kommunedelplanen skal godkjennast av fylkeskommunen på vegner av Kulturdepartementet.

Utval som er trekte med i arbeidet er IDR (idrettsrådet), UDR (ungdomsrådet), HOK (helse-, oppvekst- og kulturutvalet), KPU (kommuneplanutvalet) og KOM (kommunestyret). Ungdomsrådet handsama planen i sak 018/20 og uttalte at det er mykje positivt i Stranda kommune når det gjeld organisert idrett. Ungdomsrådet er positiv til interkommunalt samarbeid for å styrke t.d. juniorlaga, og dei er positive til planane om sykkelbane på Stranda.

2.3 Samanhengen med andre planar i kommunen

Kommunedelplanen må sjåast i samheng med andre eksisterande planar i kommunen som t.d. samfunnsplan og arealplanar (kommunedelplanar, reguleringsplanar). Likeeins er det nyttig å sjå kommunedelplanen i samheng med folkehelseoversikt og tiltaksplan for perioden 2020-2024 (under arbeid).

2.4 Lov- og regelverk for fysisk aktivitet

Ei rekkje lover innan ulike forvaltningsnivå og sektorar er relevante for folkehelse og innbyggjarane sitt fysiske aktivitetsnivå, som t.d. folkehelseloven, plan- og bygningsloven, friluftsløva, arbeidsmiljølova, lov om psykisk helsevern, diskriminerings- og tilgjengelighetsloven, og opplæringslova.

2.5 Måloppnåing førre planperiode

Stranda kommune var blant dei første kommunane med ferdig utbyggingsplan for idrettsanlegg (1977), seinare har denne også omfatta friluftsliv og nærmiljøanlegg.

Hovudintrykket etter dei siste planperiodane er at behova og interessa for ulike anlegg endrar seg raskare enn planane klarar å fange opp. Lag og organisasjonar som lanserte idear til anlegg for få år sidan

har kanskje fått nye leiarar/nytt styre med nye tankar og visjonar. Eldsjeler fell frå, økonomien set grenser, og behov endrar seg.

Førre planperiode (2016-2019) hadde Stranda kommune ei bra måloppnåing. Til saman ni ulike tiltak har motteke spelemiddelstøtte i planperioden, to av desse er nærmiljøanlegg. Nokre av tiltaka har søkt om og motteke spelemidlar i fleire omgangar til ulike delar av det same tiltaket.

I perioden 2016-2020 utgjer samla tilskot til tiltak i Stranda kommune kr. 10,9 millionar. Av dette er kr. 334 000 tilskot til nærmiljøanlegg.

2.6 Oversikt over spelemiddelstøtte i perioden 2015-2020

Tiltak	Søkjjar	Søknadsår	Tal på fornying av søknad	Tildelt år	Tildelt tilskot (kr.)
Rehabilitering Strandahallen	Stranda kommune	2016	4 gongar	2018	2 300 000
	Stranda kommune	2017	5 gongar	2018	2 367 000
Den Trondhjemske Postvei	Stranda kommune	2016	1 gong	2017	500 000
	Sunnylven IL	2016	Ny	2018	792 000
	Sunnylven IL	2018	Ny	2018-2019	1 000 000
	Sunnylven IL	2019	Ny	2019	250 000
Ballbinge Ringstad skule (nærmiljøanlegg)	Ringstad skule, Stranda kommune	2017	Ny	2019	290 633
Treningspark Langmyra (nærmiljøanlegg)	Liabygda IL	2018	Ny	2019	43 400
Friluftstrasé Strandafjellet	Stranda kommune	2018	3 gongar	2018	657 000
Rehabilitering kunstgrasbane (treningsfelt), Mona stadion	Stranda kommune	2018	4 gongar	2018	886 000
Turkart / Råsprosjektet	Stranda kommune	2018	Ny	2020	33 000
Hyttehola fleirbruksanlegg, standplass/skytebane	Sunnylven skyttarlag	2019	3 gongar	2019	875 000
Hyttehola fleirbruksanlegg, klubb- og møtelokale	Sunnylven IL	2020	4 gongar	2020	921 000
Sum					10 915 033

3 Målsettingar, behov og tiltak

3.1 Hovudmål og målgruppe

Fysisk aktivitet er ei kjelde til glede, overskot og meistring. Det er godt dokumentert at fysisk aktivitet førebygger sjukdom og gjev betre helse gjennom heile livet. Dette gjeld idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet som eit helse- og trivselsskapande element. Befolkninga i Stranda kommune må i størst mogleg grad få lagt tilhøva til rette for fysisk aktivitet i området der dei bur. Hovudmålet til kommunedelplanen er å leggje til rette for tiltak som bidrar til betre folkehelse, førebygging av livsstilssjukdommar, sosiale og kulturelle møteplassar, og integrering.

Alle grupper i befolkninga er i målgruppa, men barn og unge under 19 år er særleg prioriterte grupper. Undersøkingar viser at stadig fleire barn og unge fell frå dei ulike organiserte idrettane. Det er derfor særskild viktig å rette tiltak mot den stadig aukande gruppa med barn og unge som ønskjer å drive med uorganisert idrett og aktivitetar.

3.2 Vurdering av aktivitetar og status

Målsettinga er omfattande og stiller store krav til tiltak og aktivitetar, og ein er avhengig av felles innsats og samarbeid mellom offentlege aktørar, lag og organisasjonar. For å nå målsettinga blir det viktig å sette seg delmål. Før ein tek stilling til delmåla, er det viktig å sjå nærare på innspela som kom inn på planmøte i juni 2019, då dette er med å danne grunnlaget for det vidare arbeidet. Til stades på planmøtet var Stranda IL, Sunnylvn IL, Geiranger IL og Idrettsrådet, samt einingsleiar kultur og fritid i Stranda kommune. Møtet vart leia av Møre og Romsdal Idrettskrets.

Innspela frå planmøtet i 2019 er oppsummert og kategorisert i tabellane nedanfor:

I. Idrett og fysisk aktivitet

God status	Dårleg status
Idrettsanlegg	Sprengt hallkapasitet
Mange tilbydarar av aktivitet	Litt tilfeldig tilbod på nokre særiddrettar
Mykje nytta turområde alle årstider	Manglar aktivitet for tenåringar og unge vaksne
Stranda/Hellesylt/Geiranger: Gode tilbod til dei yngste barnegruppene	

II. Friluftsliv

God status	Dårleg status
Stranda turlag har 8-12 turar i året	Manglar speidartilbod
LHL har lågterskeaktivitet	
RØFF for ungdom	
4H (Hellesylt/Stranda)	
Stor aktivitet blant 40+	
Mykje toppturar	

Sunnmøre friluftsråd/Stikk ut Fjelltrimmen Gode føresetnader for friluftsliv i heile kommunen	
---	--

III. Frivilighet

God status	Dårleg status
Dei som står på er aktive og positive Veldig enkle og konkrete oppgåver AdHoc-oppgåver Arrangement Mange trenarar	Samarbeid mellom bygdelaga kan bli betre Høge rapporteringskrav Stort ansvar, spesielt økonomi Krav til dokumentasjon, t.d. ved konflikter Utfordrande å få innvandrarar med på dugnadsarbeid og ulike aktivitetar

IV. Anleggsdekning

God status	Dårleg status
Generelt mange gode anlegg Hellesylt: Bra uteanlegg	Generelt dårleg status på symjehallane Stort behov for fleirbrukshall (Stranda) Hellesylt: Sliten gymsal Stranda: Sprengt kapasitet i Strandahallen Manglar noko snøproduksjon i anlegga Manglar familiebadning Geiranger: Ballbingen er sliten Gymsalen på skulen

V. Samhandling offentleg/frivillig

God status	Dårleg status
Administrasjonen er serviceinnstilt God hjelp til søknadsutforming frå kommunen Anstrengt kommuneøkonomi pregar investeringar. Det er mykje vilje til å bidra, men lite midlar.	Det manglar politisk vilje/evne Det burde vore gratis å bruke kommunale anlegg Kommunen har eit sterkt næringsfokus i forhold til frivilligheita

VI. Kompetanse trenarar og leiarar

God status	Dårleg status
Stranda IL har kompetansekrav gjennom kvalitetsklubbkonseptet	Stort sett foreldrebasert. Vanskeleg å få foreldre til å sette av tid til å delta på trenarkurs. Behov for tilrettelegging av meir lokale trenarkurs

3.3 Delmål

Det er mange samanfallande problemstillingar og behovsvurderingar frå planmøta i 2015 og planmøtet i 2019. Fleire av utfordringane er lik i alle bygdelaga. I plansamanheng er dei ulike organiserte aktivitetane godt ivaretekne gjennom engasjementet til idrettslaga og Idrettsrådet. Eigenorganiserte aktivitetar stiller noko svakare ettersom det ofte ikkje er eigne talspersonar til å framsnakke eller kjempe for denne typen tilbod. Stranda kommune ser det derfor som særleg viktig å bidra til å leggje til rette for nærmiljøanlegg og eigenorganisert aktivitet, og då spesielt tiltak retta mot barn og unge. Resultata frå Ungdataundersøkinga i 2020 syner at stadig fleire barn og unge i Stranda kommune fell frå organisert aktivitet. Kommunen har eit særskilt ansvar for å bidra til å skape balanse mellom behova til dei organiserte aktivitetane og dei uorganiserte aktivitetane.

For å nå hovudmålsettinga vil vi i Stranda kommune jobbe med følgjande delmål:

- a) Betre informasjon
- b) Auka fokus på kompetanse og leiarutdanning
- c) Auka foreldreengasjement
- d) Utvikling og fornying av aktivitetstilbod, med like stort fokus på uorganisert aktivitet som organisert
- e) Anleggsutvikling for bygningar og friluftsliv tilrettelagt for alle

a) Betre informasjon

Synleggjere aktivitetar, tiltak og anlegg som blir tilrettelagt av lag/organisasjonar og kommunen gjennom god kommunikasjon.

Tiltak:

- Gi innbyggjarane god informasjon om eksisterande anlegg og aktivitetar
- Tilsette idrettskonsulent/folkehelsekoordinator i 100 % stilling
- Aktiv bruk av heimesider og sosiale medium
- Lag og organisasjonar bør samarbeide om å informere om aktivitetar og arrangement
- Aktiv involvering av Idrettsrådet
- Aktiv bruk av presse utover annonsering

Ansvarleg:

- Kommunen, Idrettsrådet og idrettslaga

b) Auka fokus på kompetanse og leiarutdanning

Sørgje for at lag/organisasjonar har tilstrekkelig kompetanse og motiverte personar til å møte utfordringane.

Tiltak:

- Kurs for leiarar på tvers av lag og organisasjonar, i alle bygdelaga
- Oppfølgingskurs for å sikre kontinuitet

- Skape rom for nettverksbygging og møteplassar, frivillighetsforum osb.

Ansvarleg:

- Idrettsrådet og idrettslaga

c) Auka foreldreengasjement

Gjennom større foreldreengasjement skape gode forhold for trenarar/leiarar, betre oppslutning, auka kontinuitet og gode aktivitetar.

Tiltak:

- Skape forståing for den norske idrettsmodellen blant alle innbyggjarane gjennom informasjon og involvering
- Styra i klubbane ber fleire føresette om bistand til gjennomføring av aktivitetar og arrangement
- Utvikle samarbeidet mellom: foreldra, foreldra og styret, laget og andre lag/organisasjonar
- Arrangere temakveldar
- Meir informasjon om og betre koordinering av aktivitetstilboda

Ansvarleg:

- Idrettsrådet, idrettslaga og foreldra

d) Utvikling og fornying av aktivitetstilbod, med like stort fokus på uorganisert aktivitet som organisert

Eksisterande og framtidige anlegg og aktivitetar blir utvikla i samarbeid med frivillige organisasjonar, grunneigarar og kommunen.

Tiltak:

- Allidrett: Opprette idrettsskule/all-aktivitetstreningar for dei mellom 0-12 år
- Tilretteleggje for uorganisert aktivitet i helgar og på kveldstid for barn og ungdom, som t.d. skateelement, pumtrack, Tuftepark, oppgradere symjebassenga, vedlikehald av ballbingar, m.m.
- Auka satsing på nærmiljøanlegg, dvs. auke i tal og større variasjon i type anlegg
- Samarbeid mellom ulike lag og organisasjonar i kommunen og på tvers av kommunegrensene. Opprette frivillighetsforum.
- Samarbeid mellom skular og organisasjonar om felles bruk og vedlikehald av gapahukar, turstiar, nærmiljøanlegg, osb.
- Utvikle og leggje til rette for meir friluftsliv, t.d. skilting, gapahukar, grillplassar, teltplassar.
- Vidareutvikle samarbeidet med elevar ved idrettslinja på Stranda vgs (instruksjon og motivasjon)
- Betre og meir attraktivt utstyr til ulike aktivitetar (utandørs og innandørs)
- Driftsstøtte til fleire tilsette i idretten

Ansvarleg:

- Kommunen, Idrettsrådet og idrettslaga

e) Anleggsutvikling for bygningar og friluftsliv tilrettelagt for alle

Leggje til rette for fysisk aktivitet og naturopplevingar ut frå innbyggjarane sine ønskjer, behov og føresetnader gjennom etablering av idrettsanlegg og friluftaktivitetar.

Tiltak:

- Gi innbyggjarane god informasjon om eksisterande anlegg og moglegheiter
- Halde fram arbeidet med merking og opprusting av turstiar
- Ivareta omsynet til universell utforming ved alle anlegg gjennom godt planarbeid
- Tilsette idrettskonsulent/folkehelsekoordinator i 100 % stilling

Ansvarleg:

- Kommunen, Idrettsrådet og idrettslaga

4 Handlingsplan for anlegg og drift

Handlingsplanen tek utgangspunkt i tiltak i tidlegare kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, innkomne innspel om tiltak til kommunen, samt tilbakemeldingar frå planmøtet i 2019.

Spelemiddelordninga skil mellom ordinære anlegg og nærmiljøanlegg, og tilsvarende er det utarbeidd to ulike prioriteringslister.

Det er høve til å leggje vekt på ulike faktorar i utforminga av prioriteringslister. Tiltaka kan rangerast etter behov, dvs. den type tiltak som det er vurdert størst behov for blir prioritert høgast. Tiltak kan også rangerast etter ansiennitetsprinsippet, der nye tiltak kjem nedst på prioriteringslista. Eit anna rangeringsprinsipp er å prioritere tiltaka etter progresjon og realistisk gjennomførbarheit. Stranda kommune sin handlingsplan vel å leggje mest vekt på progresjon og gjennomførbarheit.

I si vurdering av spelemiddelsøknadar legg Møre og Romsdal fylkeskommune vekt på kommunen sine prioriteringar, samt at dei er gitt føringar om å vektleggje tiltak av typen friluftsanlegg.

Søklar må fornye søknad om spelemidlar kvart år for at søknaden fortsatt skal bli vurdert. Tiltak som er ferdigstilt det siste året men som ikkje har motteke tilskot, skal ikkje takast ut av lista ettersom det er høve til å få utbetalt spelemidlar for omsøkte tiltak inntil eitt år etter ferdigstilling.

Handlingsplaner rullert og vedteke av kommunestyret 15.12.2021:

4.1 Prioriteringsliste ordinære anlegg

Bygging og rehabilitering av anlegg for idrett og fysisk aktivitet med stort brukspotensial

Prioritert liste:

	Tiltak	Tiltakshavar	Godkjent søknad
1	Fleirbruksanlegg v/ grusbana, Stranda	Stranda IL	
2	Garasje til trakkemaskin, Geiranger	Geiranger IL	
3	Nytt kunstgrasdekke Mona stadion, Stranda	Stranda IL	
4	Utbetringar Fjellbakken-Stavsengfjellet*	Stordal IL, Liabygda IL, Valldal IL	
5	Rehabilitering/utbetring klubbhus, Liabygda*	Liabygda IL	
6	Symjebasseng Sunnylvn skule, Hellesylt*	Stranda kommune	
7	Rulleskiløype, Stranda	Stranda IL	
8	Oppgradering lysløype til rulleski/syssel, Liabygda*	Liabygda IL	
9	Ski-nordisk plan Hevsdalen - 5 delelement, Stranda	Stranda IL	
10	Skiarena med planfri kryssing over FV 60, Liabygda	Stavseng Skisenter/ Liabygda IL	
11	Løpebane/tartandekke Sunnylvn stadion, Hellesylt*	Sunnylvn IL	

12	Restaurering langrennshytta Hevsdalen, Stranda	Stranda IL	
13	Undervarme kunstgrasbane Hellesylt stadion	Sunnylven IL	
14	El.skyteskiver på 100-meterbane, Liabygda*	Liabygda IL	

*) Tiltak som vart foreslått fjerna frå prioritierungslista i planmøtet 4. juni 2019. Idrettsrådet har ikkje kommentert tiltaka, og dei vert derfor ikkje fjerna frå lista.

4.2 Prioriteringsliste nærmiljøanlegg

Bygging og rehabilitering av nærmiljøanlegg

Prioritert liste:

	Tiltak	Tiltakshavar	Godkjent søknad
1	Tur- og aktivitetssti v/ Strandaelva, Stranda	Stranda sentrumsforeining, Stranda Rotary	
2	Skatepark/sykkelpark, Stranda	Stranda kommune/frivillige lag og organisasjonar	
3	Tennisbane v/Vestborg vgs, Stranda*	Vestborg vgs	
4	Sandvolleyballbane, Geiranger	Geiranger IL	
5	Orienteringskart, Hellesylt	Sunnylven IL	
6	Klatrevegg, Geiranger*	Geiranger IL	
7	Badeplass/aktivitetsområde med trimapparat, Geiranger	Geiranger IL	
8	Ski-nordisk plan Korsmyra - 5 delelement, Geiranger	Geiranger IL	
9	Rehabilitering ballbinge, Geiranger	Geiranger IL	
10	Materiell til friidrett Mona stadion, Stranda	Stranda IL	
11	Aktivitetløype, sentrum-Svarthammaren, Hellesylt	Sunnylven næringslag	
12	Terrengløype/turveg, sentrum-langs sjøen, Hellesylt	Sunnylven næringslag/ Stranda kommune	
13	Turkart/orienteringsløype/stinettverk, Liabygda	Liabygda IL	
14	7-er bane m/kunstgras, Geiranger	Geiranger IL	
15	Ballbinge Hevsdalen, Stranda	Stranda IL	
16	Lyssetting av tursti Gildetun-Kleiva, Geiranger	Geiranger IL	
17	Klatrepyramide/hinderløype Fløten park, Stranda	Stranda sentrumsforeining	
18	Lyssetting av tursti Gildetun-Flydalsjuvet, Geiranger	Geiranger IL	
19	Sambinding turområde Hornindal-Sunnylven, kryssing av fylkesveg	Sunnylven IL	

20	Sykkelløype Grendadalen-Hyttehol, Hellesylt	Sunnylven IL	
21	Orienteringskart, Geiranger*	Geiranger IL	

**) Tiltak som vart foreslått fjerna frå prioriteringslista i planmøtet 4. juni 2019. Idrettsrådet har ikkje kommentert tiltaka, og dei vert derfor ikkje fjerna frå lista.*

5 Langsiktige behov

Dei langsiktige behova i Stranda kommune er mange. Den organiserte idretten har behov for tilrettelegging og oppgraderingar av eksisterande anlegg, samt utvikling av nye og allsidige tilbod. På same tid er det behov for at det blir lagt til rette for uorganisert aktivitet i større grad enn i dag, med særleg fokus på eigenorganiserte aktivitar i dei sentrumsnære områda.

I planmøta i 2015 og 2019 vart det spelt inn fleire langsiktige behov. Tiltaka under er sett opp i vilkårleg rekkefølge.

Stranda	<ul style="list-style-type: none"> • Skape sentrumsnære aktivitetstilbod • Bygge fleirbrukshall • Utbetre uteområda ved skulane • Symjehall 25 m basseng • Tilretteleggje nye turløyper langrenn • Oppgradering og merking av nye turstiar • Skape aktivitet for pensjonistar • Utvikle ridemiljøet • Utvikle lysløype for ski-nordisk med kulvert i Hevsdalen • Padelbane Hotellhagen
Sunnylven	<ul style="list-style-type: none"> • Aktivitetsanlegg ved skulen • Rulleskiveg/-løype Hyttehola • Snøkanonanlegg Hyttehola • Generell utvikling av turskiløypene • Utvikle samarbeid med Stranda vgs • Utvikle ridemiljøet • Gatelys Bygdavegen fram til Åsebrua • Gatelys rundt O.Ringdal og frå Solvegen og opp Ringdalsvegen
Geiranger	<ul style="list-style-type: none"> • Gatelys Gildetun-Flydalsjuvet • Vidareutvikle skateanlegg
Liabygda	<ul style="list-style-type: none"> • 7-er bane med kunstgras, stadion • Klubbhus Stavsengfjellet • Rehabilitering av Austegardsråsa til tur/sykkelveg • Vidareutvikle Langemyra som fleirbruksområde for idrett og fysisk aktivitet • Vidareutvikle Stavsengfjellet skisenter • Vurdere Vurdere samanbinding av skogsvegar til betre turvegar og sti-nett

